



STATUS

HARDANGERBRUA OG RV. 13 BU – BRIMNES

Stenger tre veker – båtskyss og forsterka ferjetilbod

Statens vegvesen melder at rv. 13 Bu–Brimnes blir stengt for trafikk fra 31. august til 21. september i år.

Det er i samband med nedsprengeing av det store fjellpartiet på Høgasteg at vegen må stengast for all trafikk i vekene 36, 37 og 38.

Det vil bli sett opp båtskyss for pendlarar mellom Eidfjord og Ullensvang.

Ferjesambandet Kvanndal-Kinsarvik vil i same perioden få forsterka ferjetilbod og utvida kapasitet for å ta unna biltrafikk som elles går mellom Bu og Brimnes.

Ferja mellom Brimnes og Bruravik føl gjeldande rute i perioden.

Tidspunktet for vegstenginga er fatta i samråd med utrykkingsetatane og kommunane. Det har vore eit ønskje om at stenginga på rv. 13 Bu-Brimnes ikkje skulle skje samstundes med at Statens vegvesen stenger rv. 7 og rv. 13 Vallaviktunnelen i samband med bygging av tilførselsveg til Hardangerbrua. Denne stenginga skjer frå veke 40 til 47 i haust. Men her er det omkjøringsveg på rv. 572 Bruravik-Ulvik-Holven over Ulvikhøga (Espelandsdalen).



Det er nedsprengeing av fjellpartiet Høgasteg som krev full stenging av rv. 13 Bu–Brimnes i tre veker, frå 31. august til 21. september i år. (Foto: Geir Brekke)

Stenger Vallaviktunnelen i åtte veker

Statens vegvesen stenger rv. 13 og rv. 7 Vallaviktunnelen i Hordaland i åtte veker, frå 28. september til 23. november i haust.



Vallaviktunnelen blir stengt i åtte veker i haust. (Foto: Geir Brekke)

Det er i samband med bygging av tilførselvegar til Hardangerbrua i Vallavik at tunnelen blir stengt. Sidan i vinter har det vore driving av tunnel frå fjordsida inn mot den eksisterande Vallaviktunnelen.

Her skal tilkomstvegen mellom Hardangerbrua og Vallaviktunnelen byggast, og dei to tunnelane skal møtast i ei rundkjøring inne i fjellet. Det er i samband med gjennomslag på tunneldrivinga inn mot dagens tunnel at Vallaviktunnelen blir stengt.

Omkjøring blir på rv. 572 mellom Bruravik og Holven i Granvin. Denne vegen går via Ulvik og over Ulvikhøgda. Her pågår det no utbetningsarbeid, som skal vere fullført før Vallaviktunnelen blir stengd for trafikk i slutten av september. Det har også vore utført utbetring av nokre punkt på denne ruta tidlegare for at rv. 572 skal kunne vere ei

tenleg omkjøring for trafikken medan Vallaviktunnelen er stengd.

- Under stengingsperioden vil det og bli utført oppgradering av Vallaviktunnelen lenger vest mot Granvin, seier prosjektleiari for Hardangerbrua i Statens vegvesen, Øivind L. Søvik.

NLF-info

Statens vegvesen, ved prosjektleiinga for Hardangerbrua og rv. 13 Bu–Brimnes, samt Voss og Hardanger distrikt, har hatt møte med Norges Lastebileier-Forbund om dei to vegstengingane i Hardanger denne hausten.



Statens vegvesen



Doblar ferjetilbodet Kvanndal-Kinsarvik

Statens vegvesen forsterkar ferjetilbodet mellom Kvanndal og Kinsarvik dei tre vekene når rv. 13 Bu-Brimnes er stengt på grunn av anleggsarbeid.

I samråd med Tide har Statens vegvesen vald å setje inn MF Ølen som ekstra ferje på strekninga i perioden frå 31.august til 20. september. Ølen vil erstatte MF Tysnes, som går i sambandet i dag. Tysnes har ein kapasitet på 25 personbileiningar, medan Ølen tek 51 personbilar.

I tillegg held MF Hardingen fram i ruta mellom Utne og Kvanndal, med ein kapasitet på 86 personbileininger.

MF Ølen får ti avgangar i både retningar mellom Kvanndal og Kinsarvik dagleg, og utvida opnignstid både morgen og kveld. Sju av avgangane i både retningar går via Utne, medan tre avgangar i både retningar med MF Ølen er direkterute mellom Kinsarvik og Kvanndal.

Første ferje om morgonen frå Kinsarvik til Utne og Kvanndal går kl. 06.00, og siste om kvelden kl. 21.15. Første ferje frå Kvanndal til Utne og Kinsarvik går kl. 06.55 og siste ferja same vegen kl.22.10.

Heile ruta vil bli kunngjort i pressa.

MF Tysnes (biletet) blir avløyst av MF Ølen på Kvanndal-Kinsarvik i veka 36, 37 og 38.
(Foto: Geir Brekke)

Båtrute Brimnes–Ringøy

Statens vegvesen vil i samråd med Skyss og Tide opprette ei båtrute for passjerar mellom Brimnes og Ringøy dei tre vekene rv. 13 Bu-Brimnes er stengt. Båten tek 30 passasjerar og brukar kring 10 minutt på turen. Båtruta vil korrespondere med bussruta mellom Eidfjord og Ullensvang. Kommunane har skaffa oversikt over dagpendlinga på rv. 13 forbi anleggsområdet, som blir heilt stengt for vegtrafikk frå 31.august til 21. september i år.

Rutetidene vil bli kunngjort i lokalpressa.



(Foto: Ole Bjarne Strønen)



KONTAKT

Prosjektleiar Øivind L. Søvik tlf. 555 16 322

Ansvarleg tilførselsvegar Magne Mo tlf. 954 41 869

Byggjeleiar Bu-sida Knut B.Langeland tlf. 908 25 871

Byggjeleiar Vallavik-sida Bjarne Løne tlf. 950 86 772



Statens vegvesen